

## **FRAMTIDIG ORGANISERING AV FAGSKULEUTDANNINGA I SOGN OG FJORDANE**

**Fylkesrådmannen rår Hovudutval for opplæring og Hovudutval for plan og næring til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane vert organisert etter reglane i Lov om fagskuleutdanning frå 01.01.2005.
  2. Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane skal bestå av to sjølvstendige skular, Fagskulen i Førde og Fagskulen i Måløy. Skulane skal ha kvar sin rektor.
  3. Det vert etablert eitt styre for fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane med heimel i Kommunelova § 11 og Lov om fagskuleutdanning § 3, med slik samansetnad:
    - 2 medlemmer frå næringslivet (1 frå sjøretta og 1 frå landbaserte aktivitetar), etter forslag frå NHO
    - 1 politisk medlem frå fylkeskommunen
    - 1 medlem etter forslag frå dei tilsette
    - 1 medlem etter forslag frå studentane
- Fylkesutvalet har valretten.
4. Vedtekter for fagskuleutdanninga vert vedtekne i samsvar med vedlegg 2.
  5. Opptaket til fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane skjer gjennom eit nasjonalt opptak.
  6. Opptaket skal skje med utgangspunkt i felles forskrift om opptak for heile landet. Fylkestinget vedtek forskrifta i samsvar med vedlegg 3.
  7. Organiseringa av fagskuleutdanninga skal evaluerast etter to år.

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Prenta vedlegg:

---

Fylkestinget

Saksbehandlar: Ingeborg Lie Fredheim

Arkiv: A41 &30

Arkivsaksnr.: 04/01477

---

1. Rapport frå arbeidsgruppe
2. Vedtekter for fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane
3. Forskrift om opptak til toåring teknisk fagskuleutdanning i Sogn og Fjordane

Uprenta vedlegg:

1. 5 innkomne fråsegner

## **Saksframstilling**

### **1. SAMANDRAG**

Ny lov om fagskuleutdanning vart vedteken 20.06.03.

Som konsekvens av den nye lova har fylkesrådmannen lagt fram tilråding til framtidig organisering av fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane.

Fylkesrådmannen si tilråding går fram av vedtaket i saka.

### **2. BAKGRUNN**

Ny lov om fagskuleutdanning vart vedteken 20.6.03 og trådte i kraft frå same dato. Lova avløyste lov av 28.1.00 om teknisk fagskule. Fylkeskommunen er etter den nye lova ikkje lenger lovpålagd å tilby fagskuleutdanning. Fagskular kan anten eigast av stat, kommune eller fylkeskommune, eller dei kan eigast av desse i felleskap med private aktørar i form av t.d. stifting eller aksjeselskap.

Viktige realitetsendringar elles er at lov om fagskuleutdanning krev at utdanninga skal ha eit styre, og at det skal vere ein fagleg og administrativ leiar for utdanninga. Fylkestinget avgjer om fylkeskommunen fortsatt skal tilby fagskuleutdanning og korleis fylkeskommunen evt skal organisere fagskuleutdanninga slik at ho vert i samsvar med krava i lova.

Lova har som formål å etablere eit system for offentleg godkjenning av fagskuleutdanning, dvs korte, yrkesretta utdanningar som byggjer på vidaregåande opplæring eller tilsvarende realkompetanse, og som har eit omfang på minimum eit halvt studieår og maksimum 2 studieår.

I budsjett 2004/økonomiplan 2004-2007, vedteke av Fylkestinget, heiter det m.a.: ”Som følge av lovendringa er det behov for ei nærare utgreiing av framtidig drift, organisering og finansiering av dei tekniske fagskulane i Sogn og Fjordane.

Det skal på bakgrunn av dette igangsetjast eit utgreiingsarbeid med sikte på å få fram konsekvensar for tilbodet ved dei tekniske fagskulane ved ulik grad av tilpassing av drifta til det nye statlege finansieringssystemet.”

På bakgrunn av ovanfor nemnde oppnemnde fylkesdirektøren for opplæring i april 2004 ei arbeidsgruppe for å greie ut framtidig organisering av fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane.

Arbeidsgruppa fekk slikt mandat:

1. ”Utgreie faglege, pedagogiske, organisatoriske og økonomiske problemstillingar knytte til vidare drift av fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane, ut frå følgjande alternative rammer:
  - a) Vidareføring av dagens drift, basert på noverande kostnadsnivå
  - b) Drift ved avkorta tilskot frå fylkeskommunen, basert på eit kostnadsnivå som ligg
    - 1) 10% under dagens nivå
    - 2) 20% under dagens nivå
2. Vurdere alternative finansieringsformer for fagskuleutdanninga
3. Vurdere fagskulen sin plass når det gjeld fylkeskommunen som regional utviklingsaktør.

Arbeidsgruppa skal sikre naudsynt kontakt med eksterne partar for å ivareta kvaliteten på utgreiingsarbeidet.

Arbeidsgruppa rapporterer til fylkesdirektøren for opplæring.”

Rapporten med tilrådingar frå arbeidsgruppa følgjer som vedlegg 1.

### **3. KONKLUSJONANE FRÅ ARBEIDSGRUPPA**

Tilrådingane frå arbeidsgruppa kan oppsummerast i følgjande hovudpunkt:

#### **Organisering:**

1. Det vert oppretta eitt styre for fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane, med slik samansetting:
  - 3 medlemmer frå fylkeskommunen (1 politisk vald medlem og 2 administrativt valde medlemmer)
  - 2 medlemmer frå næringslivet
  - 1 medlem frå studentane
  - 1 medlem frå dei tilsette.

Arbeidsgruppa la som føresetnad i framlegget til vedtekter for fagskuleutdanninga at styret bør ha kompetanse innan regional utvikling og opplæring og at samansettinga av styret bør vere representativ både i høve fagområde, geografi og kjønn.

2. Arbeidsgruppa har i rapporten vurdert to modellar for organisering av fagskuleutdanninga.

Fleirtalet i arbeidsgruppa tilrår organisering etter modell 1, jf side 16 i rapporten. Dette inneber ei vidareføring av den etablerte strukturen for fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane, men organisert formelt og administrativt som ein skule, Fagskulen i Sogn og Fjordane. Ved omorganisering av noverande leiingsressurs får fagskuleutdanninga ein felles administrativ og fagleg leiar som rapporterer til styret. Fagskulen i Sogn og Fjordane får 2 avdelingar, Avdeling Førde og Maritim avdeling Måløy.

Kvar av avdelingane har ein avdelingsleiar som rapporterer til fagleg og administrativ leiar.

Hovudargumenta frå fleirtalet for val av modell 1 er at modellen:

- a) legg til rette for at ”merkevara” Fagskulen i Sogn og Fjordane vil kunne profilerast og marknadsførast samordna og heilskapleg
- b) gjer det lettare i framtida å integrere eventuelle nye fagskuletilbod (kortare eller langre kurs), t.d. ved dei vidaregåande skulane, under ein felles administrasjon

1 medlem i arbeidsgruppa tilrår organisering etter modell 2. Denne modellen inneber to sjølvstendige skular, kvar med sin rektor. Ein av rektorane får funksjon som fagleg og administrativ leiar og vil rapportere til styret på vegner av begge skulane.

Begge modellane føreset at gode og tenlege samarbeidsmodellar/-avtalar med andre skuleslag vert vidareførte.

#### Økonomiske rammer:

Arbeidsgruppa understrekar at det i det nye fagskuleutdanningssystemet er svært vesentleg å ha fokus på utviklingsarbeid og å vere offensiv i høve marknaden. Arbeidsgruppa finn det difor på sin plass å understreke kor viktig det er å etablere rammer som legg til rette for dette.

Ut frå ei samla vurdering tilrår arbeidsgruppa at dei økonomiske rammene for fagskuleutdanninga vert redusert tilsvarende 15% av brutto driftsutgifter (utgjer om lag 3 mill kr pr år).

#### Evaluering:

Arbeidsgruppa foreslår at organiseringa av fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane vert evaluert etter 2 år.

## **4. HØYRING**

Rapporten frå arbeidsgruppa vart sendt på høyring 13.10., med frist 1.november.

I høyringsbrevet bad fylkesrådmannen om at høyringsinstansane spesielt vurderte følgjande:

- val av modell for organisering av fagskuletilbodet
- samansettinga av styret; både tal meldemer og representasjon.

Fylkesrådmannen har motteke 5 fråsegner (følgjer som uprenta vedlegg). Under følgjer ei kort oppsummering desse.

### **Mo og Jølster vidaregåande skule**

- Støttar fleirtalet i arbeidsgruppa sitt framlegg om organisering etter modell 1
- Støttar arbeidsgruppa sitt framlegg til styresamansetting.

### **Måløy vidaregåande skule**

Ønskjer:

- Eitt styre for fagskuleutdanninga.
- Organisering etter modell 2
- At namna på fagskulane vert formulert slik at dei opnar for at ein i framtida kan tilby andre utdanningar enn reint tekniske i Førde og reint maritime i Måløy.

- Meiner at fagskulen har ein sentral plass i utdanningssystemet og i høve kunnskapsutvikling innan yrkesfag.

### **Studentane ved Måløy maritime tekniske fagskule**

Støttar mindretalet i arbeidsgruppa sitt framlegg om organisering etter modell 2.

### **Måløy vidaregåande skule, Sogn og Fjordane tryggleikssenter SFTS**

- Meiner dagens organisering i Måløy, med vidaregåande skule, teknisk fagskule og Sogn og Fjordane Tryggleikssenter under felles administrativ leiing er den mest tenlege. Trur ikkje fleirtalet sitt framlegg til organisering av fagskuleutdanninga vil styrke den maritime utdanninga i Sogn og Fjordane.

### **Utdanningsforbundet Sogn og Fjordane**

- Viser til at begge organiseringsmodellar har positive sider; modell 1 vil gjere det enklare å etablere fleire fagskuletilbod t.d. ved andre vidaregåande skular medan modell 2 opnar for nærleik til ansvarleg leiar og leiaren sin kjennskap til næringslivet i nærområdet.
- Meiner ein reduksjon av rammene til fagskuleutdanninga med 15% vil gjere det vanskelegare å halde oppe dagens kvalitet og studietilbod, og difor vil føre til eit dårlegare tilbod i fylket.
- Ser på fagskuletilbodet som svært viktig for næringslivet i Sogn og Fjordane.

## **5. ORGANISERING I ANDRE FYLKE**

Fylkeskommunane har valt å organisere fagskuleutdanninga på ulike måtar. Dette kan ha samanheng med tidlegare organisering, omfanget av tilbodet og andre lokale tilhøve. Under følgjer ei oversikt over organiseringa i nokre av fylka.

### **Buskerud, Telemark og Vestfold**

Desse tre fylkeskommunane går saman om å etablere og drive fagskuleutdanning. Dei tre skulane som vert omfatta av samarbeidet skal framleis vere organiserte som sjølvstendige verksemder, men med eitt felles styre. Styret får 7 medlemmer.

Fylkestinget i dei tre fylka oppnemner eitt medlem kvar. Sekretariatsansvaret for styret går på omgang mellom rektorane ved dei tre fagskulane. Dei tre rektorane utgjer eit arbeidsutval som mellom anna skal avgjere kva saker som skal fremjast for styret.

Det er lagt til grunn for drifta at fagskulen skal drive utan tilskot frå fylkeskommunane.

### **Nord-Trøndelag**

Alle fagskulane i Nord-Trøndelag er organiserte som ein del av den vidaregåande skulen i regionen. Det er etablert eit eige styre for kvar av dei 3 fagskulane. Styra har 5 representantar, der skuleeigar er representert ved leiar og nestleiar i skuleutvalet.

### **Rogaland**

Fagskuleutdanninga i Rogaland består av to skular, som er organisert som "Fagskulen i Rogaland" med eitt felles styre (7 medlemmer).

## **Møre og Romsdal**

Fagskuleutdanninga er delt i to regionar, Sunnmøre og Nordmøre/Romsdal, med eitt styre for kvar av dei.

Styra har 7 medlemmer.

## **6. VURDERING OG KONSEKVENSA**

### Organisering

#### *Styre*

Lov om fagskuleutdanning § 3, 4. ledd krev at fagskuleutdanninga skal ha eit styre som øverste ansvarlege styringsorgan. Dette må supplerast med kommunelova § 11 som seier korleis eit styre skal opprettast og organiserast, dersom fagskuleutdanninga skal vere ein del av den fylkeskommunale verksemda.

Andre alternativ kan vere organisering som stifting eller aksjeselskap. Fylkesrådmannen rår til at fagskuleutdanninga vert ein del av den fylkeskommunale verksemda.

Lov om fagskuleutdanning § 3, 3. ledd krev at fagskuleutdanninga skal ha ein administrativ og fagleg leiar. Det er ikkje lenger noko krav at den enkelte skule skal ha ein rektor. Vidare står det i § 3 at administrativ og fagleg leiar skal tilsetjast av styret.

Arbeidsgruppa rår til at det vert oppretta eit styre med 7 medlemmer.

Generelt meiner fylkesrådmannen det er vesentleg at eit styre ikkje blir for stort, både med tanke på effektiv ressursbruk og handlekraft. Ut frå dette meiner fylkesrådmannen at styret for fagskuleutdanninga ikkje bør ha fleire enn 5 representantar.

Slik fylkesrådmannen vurderer saka kan reduksjonen av tal medlemmer i høve arbeidsgruppa sitt forslag gjerast ved reduksjon av 1 medlem frå fylkeskommunen og 1 medlem frå næringslivet eller reduksjon med 2 medlemmer frå fylkeskommunen.

Fagskuleutdanninga er eit viktig verktøy i arbeidet med å auke kompetansen innan næringslivet i fylket. Det er difor særskild viktig at bransjane er aktive i å forme den nye fagskuleutdanninga. Fylkesrådmannen ser det som vesentleg at både sjøbasert (maritim) næringsliv og landbasert næringsliv er representert i styret. Fylkestinget er det øvste politiske organet for fagskuleutdanninga og kan gjennom dette leggje premissar for drifta av utdanninga. Ut frå dette ser fylkesrådmannen det som naturleg at reduksjonen i tal styremedlemmer, i høve arbeidsgruppa sitt framlegg, skjer ved å redusere fylkeskommunen sine representantar.

Fylkesrådmannen tilrår at det vert etablert eitt styre for fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane med heimel i Kommunelova § 11 og Lov om fagskuleutdanning § 3, med slik samansetnad:

2 medlemmer frå næringslivet (1 frå sjøretta og 1 frå landbaserte aktivitetar), etter forslag frå NHO

- 1 politisk medlem frå fylkeskommunen
- 1 medlem etter forslag frå dei tilsette
- 1 medlem etter forslag frå studentane

Fylkesutvalet har valretten.

### *Organisasjonsmodell*

Arbeidsgruppa har vurdert 2 modellar i sin rapport. Fleirtalet har tilrådd val av modell 1.

I innkomne fråsegner er val av organisasjonsmodell ulikt vurdert. I 3 av 5 innkomne fråsegner vert modell 2 vurdert som mest tenleg.

Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane omfattar to relativt små einingar, med svært ulike faglege tilbod. For å ivareta kvalitetane ved tilbodet meiner fylkesrådmannen det er viktig å leggje til rette for fysisk nærleik mellom leiing og utdanningsstad og å sikre fagkunnskap og lokalkunnskap hos ansvarleg leiing. Slik fagskuletilbodet i fylket er i dag, meiner fylkesrådmannen desse aspekta best kan ivaretakast i modell 2 - to skular med kvar sin rektor. Dersom det i framtida vert aktuelt med utviding av fagskuletilbodet, t.d. ved dei vidaregåande skulane, må det gjerast ei vurdering av korleis desse skal knyttast opp mot etablert tilbod.

Lov om fagskoleutdanning krev at fagskuleutdanninga skal ha ei fagleg og administrativ leiing. Leiinga skal tilsetjast av styret. Det vil vere naturleg at også sekretariatsfunksjonen i høve styret ligg til denne leiinga.

Slik fylkesrådmannen vurderer saka kan kravet i lova løysast på ulikt vis:

- a. Funksjon som fagleg og administrativ leiar fast lagt til ein av rektorane, eventuelt kan denne alternere
- b. Opprette nytt nivå for fagleg og administrativ leiing

I det nye fagskulesystemet er det vesentleg å vere offensiv i høve marknaden. Dette krev ei organisering som gir rom for fleksibilitet og lita grad av byråkrati. Fylkesrådmannen meiner dette aspektet best kan ivaretakast ved å leggje til rette for kort avstand mellom det nivået som utfører tenestene (skulane) og beslutningstakar (styret).

Generelt meiner fylkesrådmannen det er ei målsetting å minimalisere ressursbruk knytt til administrasjon for å kunne bruke størst mogleg del av ressursane på tenesteyting.

Styret tek ellers stilling til kva leiingsstruktur som skal vere ved kvar av skulane, innanfor den økonomiske ramma gitt av fylkestinget og innan gjeldande lov og avtaleverk.

Fylkesrådmannen tilrår at fagskuleutdanninga vert organisert etter modell 2. Fagskuleutdanninga vert med dette samansett av to sjølvstendige skular, Fagskulen i Førde og Fagskulen i Måløy. Skulane skal ha kvar sin rektor.

### Finansiering/økonomiske konsekvensar

Styret for fagskuleutdanninga vert ansvarleg for at utdanninga vert driven på ein god og effektiv måte innan dei økonomiske rammene fylkestinget gir.

Fylkesrådmannen ser det som naturleg at alle kostnader ved drifta vert dekkja innan den økonomiske ramma for fagskuleutdanninga. Dette gjeld også kostnader ved drift av styret (møter, sekretariatsfunksjon ol). Desse kostnadene vil vere avhengig av kva aktivitetsnivå styret legg opp til. I samband med arbeidet med budsjett 2005/økonomiplan 2005-08 er det spesifisert ein innsparingsambisjon knytt til vidare drift av fagskuleutdanninga. Organiseringsalternativa (modell 1 og 2) i rapporten frå arbeidsgruppa påverkar i seg sjølv ikkje potensialet for innsparing i høve noverande økonomisk ramme. Vidare vurdering knytt til eventuell reduksjon av den økonomiske ramma er ut frå dette skilt frå denne saka og inngår som ein del av budsjettprosessen.

### Vedtekter

Framlegget til vedtekter er tilpassa modellen for organisering fylkesrådmannen tilrår, og er utarbeidd med utgangspunkt i krava i lov om fagskuleutdanning. Vedtektene skal regulere arbeidet til styret og leggje til rette for at fagskuleutdanninga i fylket er i samsvar med gjeldane lov og regelverk.

Fylkesrådmannen rår til at vedtektene vert vedtekne i samsvar med vedlegg 2.

### Fagskulen som regional utviklingsaktør

Målsettingane for vidaregåande opplæring som ressurs-/studiesenter kan også overførast til fagskuleutdanninga. Ønskt situasjon i 2007 vil ut frå dette vere:

- Fagskulen er ei drivkraft i samhandling med lokalsamfunnet og arbeidslivet i området
- Det lokale arbeidslivet er ein naturleg del av læringsmiljøet
- Det er naturleg og ønskjeleg å arbeide gjennom nettverk og partnerskap, lokalt og regionalt
- Entreprenørskapskompetansen er høgt prioritert gjennom opplæringa

Fylkesrådmannen ser den enkelte rektor si rolle som vesentleg i samband med ivaretaking av fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør, noko som vert understreka gjennom fylkesrådmannen si tilråding til organisasjonsmodell.

### Opptak til to-årig teknisk fagskuleutdanning i Sogn og Fjordane

Etter § 4, 2. ledd i lov om fagskuleutdanning skal tilbydar ha forskrift om opptak som inneheld krav til formell utdanning eller realkompetanse.

Forum for fylkesutdanningssjefane ønskjer felles opptaksforskrifter og eit felles opptaksorgan for alle fylkeskommunale fagskular frå og med skuleåret 2005/2006.

Felles opptaksforskrifter vert mellom anna grunngeve med at det skal vere mogeleg å søkje over heile landet utan geografiske omsyn, dobbel-/trippelsøking vert eliminert, ein får ei betre utnytting av kapasiteten på skulane og det vil vere økonomiske stordriftsfordeler.

---

Fylkestinget

Saksbehandlar: Ingeborg Lie Fredheim

Arkiv: A41 &30

Arkivsaksnr.: 04/01477

---

Felles opptaksforskrifter og –organ er og i samsvar med ønske frå Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT)<sup>1</sup> om å forenkle godkjenningsprosedyrane ved at like tilbod frå ulike tilbydarar kan handsamast samstundes.

Framlegg til forskrift om opptak følgjer som vedlegg 3 og fylkesrådmannen rår til at denne vert vedteken.

Det nasjonale opptaksorganet skal i tillegg til å gjennomføre opptaket mellom anna utarbeide felles skulekatalog og annan skriftleg og munnleg informasjon til søkjarane.

Søknadsfristen er føreslegen sett til 15.4.

Kostnadene for den enskilde fylkeskommune ved deltaking i eitt felles opptaksorgan er ikkje avklara, men det er all grunn til å tru at desse vil vere lågare enn ved enskildvis drift.

### Evaluering

Fylkesrådmannen gir sin tilslutnad til framlegget frå arbeidsgruppa om at fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane må evaluerast etter to år, og rår til at dette vert vedteke.

---

<sup>1</sup> Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) er eit nytt statleg uavhengig organ som gjennom evaluering, akkreditering og godkjenning av kvalitetssystem, institusjonar og studietilbod har til føremål å kontrollere og utvikle kvaliteten ved norske høgare utdanningsinstitusjonar, også fagskuleutdanning.